

Åge og Kaizers toppar Festidalen

28.07.2009

Det kan ikkje vera tvil: Det er Åge Aleksandersen/Sambandet og Kaizers Orchestra som toppar artistlista under Festidalen til helga.
Festivalarrangørane har truleg skote innertiar med engasjementet av begge.
Åge er ein konge på sitt område og mange meiner at Kaizers er det beste livebandet i Noreg.

Og alt tyder på at dei er i god form om dagen:

Åge og Sambandet rocka for 2.500 elleville gudbrandsdølar på Vinstra rundt midnatt natt til sundag.

Kaizers hadde suksess under Malakoff-festivalen på Nordfjordeid, som sette ny rekord med 11.000 innafor gjerdene.

Åge starta karriera si allereie i 1968 og han har gjennom åra gjeve ut 20 album og seld nærmare halvannan million plater. Han har ein eineståande posisjon blant rockemusikarane i landet og når han og Sambandet er i aksjon bortimot midnatt fredag vil Festidalen nå eit nytt høgdepunkt i si historie.

Åge har vore her to gongar før:

* Det er truleg nøyaktig 40 år sidan han spela med Prudence i Helgheim!

* Rundt midten av 1980-talet var han på Uskedalsdagane.

I Kaizers vil ein mann vera på heimebane – det er trommeslagar og perkusjonist Rune Solheim, som i si tid trakteerde trommene til Uskedalen Musikklag. Han er oppvachsen på Husnes der Kaizers forresten har spela på Vift to gonger. I eit intervju i avisas Etnemarknad seier han at han er stolt over å komma frå landet og at bandet prioritær svært høgt å spele rundt omkring på bygdene.

-Bygdene vil ha oss og vi har etablert oss som eit folkeleg band. Det er viktig for oss å ta vare på statusen vi har fått hos bygdepublikummet, seier Rune.

Dei legg mykje arbeid i å halda den folkelege profilen og laga eit bra liveshow. Men det er ein forskjell: I byane kjem dei fleste for å høyra på musikken, men på mindre stader er folk meir opptatt av bygdefesten enn sjølve konserten og det kan bli litt slitsamt, innrømmer Rune. Han trakterer mellom anna tomme oljefat.

Det var i 2000 Kaizers vart oppretta som band – i Bergen. Både frontfigur Janove Ottesen og gitarist Geir Zahl vaks opp på Bryne.

Av Ola Matti Mathisen